

## Legende og skårunge runda av



Legenden i aksjon

Det var ein legende (Jan Eggum født 1951) og ein skårunge (Daniel Kvammen født 1988) som runda av Festidalen i reservearenaen båthamna, Eigentleg bør ein ikkje samanlikna legenden med skårungen, men ettersom dei var stilt saman i sluttkonserten kjem ein ikkje utanom ein viss samanlikning. Vi høyrer ikkje til dei mest ihuga Eggum-fans, dertil har han vore for mykje fylt av melankoli og tristesse. Men idag var han ein muntrare trubadur og faktisk lyktes han med å syngja fram sola etter lyn og toreskrall! Han presenterte mellom anna nytt stoff saman med det gamle og velkjende og kåseriet mellom låtane var til tider muntert, Kvammen høyrer til ein ny generasjon prega av ungdomsopprør, men det er ikkje tvil om at han er talentfull og inngår i ein sterk songtradisjon i Hallingdal,



Skårungen i aksjon (i midten)

Frå den nye plata si song Eggum Spor som det er all grunn til å setta utropsteikn bak. Tilsvarande vil vi framheva fleire låter frå Kvammen si debutplata som kom sist vinter. Det var eit nesten genialt trekk å la dei to vera siste par ut i ein suksessfylt Festidalen, det skapte eit drag av ettertanke og refleksjon som både gjekk på den musikalske opplevinga og arrangementet som heilheit,



30 prøvde seg i klatrevæggen

Festidalengjengen har vist en stor evne til improvisasjon og eit fantastisk gåpåhumør og desse eigenskapane vart demonstrert den siste dagen. Her siktar vi til at bolken til turlaget også heilt elegant vart flytta til fjorden der det vart padla i 7 kanoar, klatra og løyst oppgåver på ein rundtur i strøket. Rundt 30 nytta klatreveggen. Det vart med andre ord ein sluttdag med ei vid ramme og ein ny og god PR-dag for Uskedalen.



7 kanoar var flittig i bruk Tekst,

foto og nett: Ola Matti Mathisen